

Årsmelding

og

Rekneskap

2000

VØR



STYRETS ÅRSMELDING 2000.

2000 er VØR sitt 13 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapets disposisjonar med 50% på kvar.

Kommune	Hushaldningsabb	Nærings ab	Slam
Ørsta	4100	569	991
Volda	3439	433	543
Sum	7539	1002	1534

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 9 møter i 2000.

Representantskapens medlemar er i 2000:

Knut Steinsvik leiar, nestleiar Janne Meland, Arild Iversen, Ingrun Aud Humberset, Oddrun Aarflot, Nils Trovåg, Inger J. Aakre, Ola Selbervik

Styremedlemar er i 2000:

Kari Aamaas styreleiar, Ove Lid n.leiar, Ann Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog, Ove Standal.

INNFØRINGA AV DUNKRENOVASJON.

Kommunestyra vedtek hausten 1999 at det skal innførast dunkerenovasjon frå 1 juli 2000, og differenserte avgifter frå årsskiftet 2000 - 2001. Etter som omfanget av reforma vert meir og meir avdekt, viser det seg å vere ei svært utfordrande oppgåve. Kristiansand kommune brukte tre år på dette arbeidet. Vi skulle vere på plass med dunkar etter 8 månader og på plass med differensieringa på 14 månader.

Det førebuande arbeidet med innføring av dunk starta like før jul i 1999. Magnar Lid vert tilsett på prosjektbasis for å ivareta framdrifta.

Arbeidet er svært omfattande. Vi må først kontrollere abonnementregisteret, deretter må vi ut med informasjon og spørjeskjema om kva abonnement den enkelte abonnent vil ha.

Spørjeskjemaene skal så tilbake, dunkar skal bestillast, leverast og køyrast ut til abonnementane. Alle abonentar må så manuelt registrerast i høve til sitt abonnementval.

Også bilane må noko omarbeidast. I tillegg må innsamlingsrutene leggast om. Den tidligare 10 meters regelen fell bortfrå og blir erstatta av veikanthenting.

Dei store endringane er utfordrande både for abonnementane og for VØR. Til tross for at alle ressursar blir brukte for å greie omlegginga på ein best mogleg måte, blir tida rundt første juli noko turbulent.

I ettertid ser ein at ting burde vore løyst på andre måtar. Tidsfristen frå kommunestyra er ambisiøs og timinga därleg då reforma i tid fell saman med därleg økonomi i VØR.

Etter tre år med underskot i drifta, er fokuset på omstilling av VØR i 2000 stort. Det er derfor blant anna avsett eit minimum av ressursar til informasjon.

Fleire naudsynte omleggingar i drifta som av en del blir oppfatta som upopulære tiltak, fell saman i tid med dunkreforma.

Dei økonomisk motiverte omleggingane, inføring av dunk og det enkelte opplever som manglande informasjon rundt dunkreforma blir "for mykje" for enkelte abonentar. Det stormar derfor til tider rundt VØR i 2000.

Etter 8 månader drift går det heile likevel svært bra, og vi har så langt stort sett positive erfaringar. Vi har rett nok berre fått prøvt ein forsmak av kombinasjonen vinter og dunkrenovasjon. Det vi kan konkludere med, er at vi som eit av dei første avfallsselskapa i landet no innfører differensierte renovasjonsavgifter, at fugleplaga i byggefelta på hentedag er borte, at arbeidsmiljøet for renovatørane er betra og vi har fått ei meir effektiv innsamling.

DRIFTA

Innsamlinga av avfall fungerer i godt innarbeidde rutiner første halvår. Frå 01 juli startar vi renovering med dunk og heilt nye renovasjonsruter. I innkøyringfasen er det turbulent, men etter kvart går det seg til. Første september evaluerar vi innsamlinga, og legg om på enkelte innsamlingsdagar for å få innsamlinga til å bli betre.

Bilparken må oppgraderast i 2000 som følge av reforma. I tillegg vel vi å relakkere bilane. Vi I oktober skiftar vi ut ein renovasjonsbil, den første utskiftinga sidan 1994.

Dei to småbilane vert selt til fordel for ein pent brukta Toyota Hiace, velegna for inn og utkøyring av dunkar og andre varer til og frå abonnementane.

Traktoren som tidligare gjekk på snøbrøyting, vert sold. Drifta elles går utan alvorlige uhell av noko slag, fram til desember. Då får vi dessverre eit uhell med personskade med ein av ekstrahjelpene våre.

Avfalls mengder 2000 i tonn.

Type	2000	1999
Hushaldningsavfall	4226	4338
Restavfall til deponi/ lager	2614	2536
Papir / papp	1384	1301
Metall	248,1	354
Plast	71	31
Glas	93,7	45
Spesialavfall	46,8	44
E.E. avfall	31,3	
SUM	8714	8649

Hushaldnings og forretningsavfallet.

Mengdene til forbrenning går ned også i -00. Årsaka er truleg at innbyggjarane våre er langt flinkare til å sortere ut papir. I tillegg innførte vi tilbod om levering av plast frå hushaldningane som også gir effekt.

Papp og papir.

Innsamlinga av papp og papir blir endra i 2000, då vi frå 1 juli startar med å køyre inn kvar tredje veke frå hushaldningane mot tidligare kvar fjerde veke. Vi trur at dette tiltaket er ei hovedårsak til auken i papirmengda i 2000.

Frå næringane går innsamlinga i samarbeid med Norsk Gjennvinning til nyttår. Då går avtalen ut og vi startar innsamling i eigen regi.

Glas.

Glasmengdene i -00 er høgare enn i 1999. Vi ventar at mengdene også i 2001 går opp. Dette fordi Vinmonopolet har avvikla sitt eige innsamlingsselskap for glas.

Grovavfall - metall.

Grovavfall og metallmengdene er på nivå med 1999. I 2001 ventar vi lavare mengder på grunn av få store byggeprosjekt i alle fall første halvår.

Plast

Plast frå hushaldning, næringslivet og landbruket blir no samla inn regelmessig. Spesielt har vi hatt ei positiv utvikling på landbruksplasten. Fast henting vår og haust er tatt svært positivt imot av brukarane. Frå landbruket samla vi inn ca 25 tonn. Frå industrien om lag det same.

Vi starta innsamling frå hushaldningane i april 2000, eit tiltak vi får mange positive tilbakemeldingar for, og vi reknar med vekst i det innsamla volumet for år 2001.

Spesialavfall.

Innsamla spesialavfallsmenger ligg på om lag same kvantum som i -99. Vi har hatt klager på eit par av innsamlingspunktene på grunn av manglende tilsyn og dermed søppel i og rundt containerane. Dette tar vi alvorleg.

Spesialavfallsforskrifta set krav til tilsyn av containerane. Vi har derfor avtale med forretningane i nærleiken til containerane. Der det viser seg at slikt tilsyn ikkje fungerar, må vi i 2001 nøye vurdere å fjerne containerane.

Slam.

Vi hadde ordinær innsamlingsrunde i 2000. Den starta første veka i juni, og var ferdig i midten av oktober utan problemer av noko slag.

Elektrisk Elektronisk avfall.

E.E. innsamlinga fungerar betre og betre. Innsamlinga overfor Fransefoss Gjennvinning går ennå noko tregt, grunna manglende reklamemateriell og manglende oppsamlingsutstyr.

I 2001 vil det vere brukt meir ressursar på dette.

Innsamlinga av komfyrar, fjernsyn, mikrobølgeomninar og lignende gjennom returselskapa Elretur og Kvitevareretur går vesentleg betre. Av dette leverte vi 12 containerar.

For alle fraksjonane gjenstår likevel eit stort haldningsskapande arbeid overfor publikum før det er tilfredstillande. I for mange containerar frå dødsbu, rydding i høve flytting og lignende er det innblanda alt for mange slike artiklar, gjerne øydelagde. I knust tilstand er dei berre egnar til deponi.

Personal og arbeidsmiljø.

VØR har i dag 4 faste administrative stillingar inklusiv stillinga i vektbua. På sorteringshallen har vi 2,4 tilsette og på innsamlingssida har vi 10 tilsette fordelt på dei fire innsamlingslagene våre. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei store utfordringane i 2000 godt. Her er eit godt arbeidsmiljø med godt samhald. Vi har hatt tre personar på langtidssjukemelding og disse stillingane har vore dekt opp ved innleige av ekstramannskap.

Vi har eit nært samarbeid med Bedriftshelsenesten. Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått fleire vernerunder i 2000. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

RAMMEVILKÅR.

Avfallsplan

Avfallsplanen er vår rettesnor. Planen skal rullerast om tre år.

Endring av renovasjonsforskriftene.

Avfallsplanen medfører at renovasjonsforskriftene må reviderast. Styret sette derfor ned ei nemd som skal gå igjennom forskriftene med tanke på å få disse oppdaterte. Dette arbeidet har tatt ei lita pause i påvente av evaluering av eit driftsår med dunkrenovasjon.

Ny organisasjonsform

Kommunene vedtok i 2000 at organisasjonsforma til VØR skal vere IKS. Det er venta at ny selskapsavtale skal vere klar våren 2001.

Konsesjon.

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava.

VØR mellomlagrar også avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR vil i år 2001 finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 647.980,-.

Overskotet kjem i det alt vesentligaste frå kostnadsreduksjonar i drifta. Vi fekk ein inntektssvikt i høve abonnentane til revidert budsjett, men kostnadane vart reduserte meir. På inntektsida vil vi nemne kr 400' på grovavfall pluss frå private fordi vi innførte mengdeavgrensing på den frie leveringsretten.

På kostnadssida fekk vi overskridinger på vedlikehald av bilane og avskrivingane. Dunkreforma førte med seg nokre naudsynte ombyggingar bak på innsamlingsbilane. I tillegg velde vi å relakkere for å få dei meir presentable. Avskrivingane auka på grunn av tidligare mindreavskrivingar på enkelte aktiva, pluss at styret vedtek å ikkje fakturere dunkane til abonnentane.

Elles er det jamt over eit mindreforbruk eller balanse på dei fleste andre postane, noko ein er godt nøgd med.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2000. VØR har eit positivt resultat og har dessuten fått betre kontroll med inntekter og kostnader enn tidligare.

Styret vil derfor takke dei tilsette for innsatsen og omstillingsevna som er vist.

Hovdebygda 24.02.01



Ann Britt Våge Fannemel


Ove Lid


Ove Standal


Petter Bjørdal
Dagleg leiar


Kari Aamaas
Styreleiar


Ivar Aarskog

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Resultatregnskap

	Note	2000	1999
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		22 058 966	17 864 643
Annен driftsinntekt		42 474	2 235
 Sum driftsinntekter		<hr/> 22 101 440	<hr/> 17 866 878
Driftskostnader			
Varekostnad	1	- 167 238	- 365 500
Lønnskostnad	2	- 5 953 077	- 5 101 971
Avskrivning	3	- 2 041 525	- 1 470 939
Annен driftskostnad	2	- 12 379 507	- 10 459 651
 Sum driftskostnader		<hr/> - 20 541 347	<hr/> - 17 398 061
 Driftsresultat		<hr/> 1 560 093	<hr/> 468 817
Finansinntekter og finanskostnader			
Annен renteinntekt		113 255	63 758
Annен rentekostnad		- 1 025 367	- 1 164 764
 Netto finansposter		<hr/> - 912 112	<hr/> - 1 101 006
 Ordinært resultat før skattekostnad		<hr/> 647 981	<hr/> - 632 189
Ekstraordinære poster			
Som er brukt til:			
Overført annen egenkapital		- 647 981	632 189
 Sum disponeringer		<hr/> - 647 981	<hr/> 632 189

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Balanse

	Note	2000	1999
EIENDELER			
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	14 630 420	13 995 454
Maskiner og anlegg	3	215 397	322 111
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	4 061 388	2 970 878
Sum varige driftsmidler		<u>18 907 205</u>	<u>17 288 443</u>
Sum anleggsmidler		<u>18 907 205</u>	<u>17 288 443</u>
Omløpsmidler			
Varer	1	<u>119 758</u>	<u>153 316</u>
<i>Fordringer</i>			
Kundefordringer		1 960 431	485 510
Andre fordringer		101 216	89 316
Sum fordringer		<u>2 061 647</u>	<u>574 826</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	4	<u>268 443</u>	<u>917 186</u>
Sum omløpsmidler		<u>2 449 848</u>	<u>1 645 328</u>
SUM EIENDELER		<u>21 357 053</u>	<u>18 933 771</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Balanse

	Note	2000	1999
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
<i>Opprettet egenkapital</i>			
Annen egenkapital		1 570 666	922 685
Sum egenkapital		1 570 666	922 685
Gjeld			
<i>Annen langsigkt gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	16 601 136	15 962 176
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	702 026	0
Leverandørgjeld		1 270 147	901 409
Skyldige offentlige avgifter		553 695	581 195
Annen kortsiktig gjeld		659 383	566 306
Sum kortsiktig gjeld		3 185 251	2 048 910
Sum gjeld		19 786 387	18 011 086
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		21 357 053	18 933 771

Hovdebygda, den 15. mars 2001

Ann Britt Våge Fannemel
Ann Britt Våge Fannemel

Ove Lid
Ove Lid

Ove Standal
Ove Standal

Petter Bjørdal
Petter Bjørdal
driftsleiar

Kari Aamås
Kari Aamås
styreleiar

Ivar Aarskog
Ivar Aarskog

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2000

Note 1 Regnskapsprinsipper.

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Følgende regnskapsprinsipper er anvendt: den laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi for varer innkjøpt for videresalg, forsikret pensjonsforpliktelse er ikke balanseført – kostnaden er lik årets utbetaling til forsikringsselskapet, leieavtaler er ikke balanseført, varige driftsmidler avskrives som hovedregel lineært over forventet økonomisk levetid.

Note 2 Ansatte, godtgjørelse, lån til ansatte m.v.

Lønnskostnader består av følgende poster:	2000	1999
Lønner:	4 715 368	4 063 312
Folketrygdavgift:	755 062	557 287
Pensjonskostnader:	352 927	392 333
Andre lønnskostnader:	129 720	133 754
Sum lønnskostnader:	5 953 077	5 146 686

Det har i 2000 vært gjennomsnittlig 15 ansatte i selskapet.

Godtgjørelser	Daglig leder	Styre / Rep.skap
Lønn:	352 367	78 675
Pensjonspremie:	12 151	0
Annen godtgjørelse:	7 136	600

Årets netto pensjonskostnad fremkommer på følgende måte:

Årets pensjonspremie:	352 927
Pensjonskostnad i alt:	352 927

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2000 utgjør kr. 9 000.

Note 3 Varige driftsmidler.

Anskaffelseskost 01.01.2000:	25 104 383
Tilgang:	3 905 993
Avgang:	1 583 411
Anskaffelseskost 31.12.2000:	27 426 965
Akkumulerte avskrivninger kostpris 31.12.2000:	8 519 760
Balanseført verdi 31.12.2000:	18 907 205
Årets avskrivninger:	2 041 525

Note 4 Bundne midler.

I posten inngår bundne bankinnskudd med kr. 268 112.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantstillelser og garantier.

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt:

Gjeld til kredittinstitusjoner:	8 641 571
---------------------------------	-----------

Pantstillelser og lignende:	Gjeld sikret ved garantier fra eierne:
Gjeld til kredittinstitusjoner:	17 303 162

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSmelding for 2000

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk for rekneskapsåret 2000 som viser eit årsoverskot på kr. 647.980,52. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsførar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2000 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk

Larsnes, 18. april 2001


Jostein Støylen
revisjonssjef